



www.voss.kyrkja.no

Nr 2 | 2024 | 83. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



*No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.*

SOKNERÅDA
2023-2027

3

VERDIÅRET
2024

8-9

GRAVPLASS
I VOSS

11-13



Foto: Åshild Bøe Kharazmi

No livnar det i lundar

844

T Elias Blix 1875
M Ludvig M. Lindeman 1865



F
C/E
F
G7/D
C

Gm
Gm/B \flat
G/H
C sus4
C
C7/E
F
Gm
C7
F

No liv - nar det i lun - dar, no lau - vast det i li,
 den hei - le skap - ning stun - dar no fram til su - mars tid.

2 Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

11 Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,

12 då me med vigsle tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

Sokneråda for perioden 2023-2027

Soknerådet leiar kyrkjelyden si verksemd og har omfattande oppgåver som mellom anna inneber ansvar for å leggja til rette for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i det enkelte sokn. Soknerådet uttaler seg i nokon tilfelle ved tilsetjing i kyrkjelege stillingar. Vidare har rådet tilsyn med kyrkjene i sokna. I botn for alt arbeid ligg eit ansvar innan juss og økonomiforvaltning.

Soknerådet er eit råd samansett av soknepresten og 4, 6, 8 eller 10 medlemmer valde for 4 år av og mellom dei som har røysterett i soknet.



VOSS SOKNERÅD

Venstre framme: Torbjørg Turvoll, Bjørg Helland (leiar) og Kjellfrid Skutlaberg. Venstre bak: Johannes Fagerland, Arne Mosefinn, Bente Kristiansen, Kari Bergsland, Inger Sigh Petersen og Christian Torsvik.

Ikkje til stades: Randi Kløve, Anne Berit Berland og Sigurd Langehaug.

Foto: privat



EVANGER OG BOLSTAD SOKNERÅD

Frå venstre: Edvard Jarle Bolstad, Anny Karin Forthun (leiar), Nora Bjørgo Mykkeltvedt, Karianne Fredriksen, Veronika Malen Nordbø, Rita Vevle og Ellen Iren Johansen Århus. Ikkje til stades: Ruth Arnhild Skadberg Tyssen, Ingebjørg Hjeltnes, Hans Devik Hammersland og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: privat



OPPEIM SOKNERÅD

Venstre framme: Gerd Inger Dugstad Hope og Heidi Hisdal. Venstre bak: Jan-Ove Nordvik, Ragnhild Winter, Britt Iren Tveite, Terje Nordanger og Christine Kalsås (leiar).

Foto: privat



RAUNDALEN SOKNERÅD

Frå venstre: Linda Utne Tvinde, Morten Vangen, Nanna Nordahl (leiar), Berit Hauge Våle og sokneprest Arnulf Sandvik.

Foto: privat



VINJE SOKNERÅD

Vestre framme: Rigmor Ulvund (leiar), Margunn Mørkve og Terje Hole. Venstre bak: Turid J. Lirhus, Kari Johanne Øvstedal, Inge Hole og Jan Gilbakken.

Foto: privat



GRANVIN SOKNERÅD

Venstre framme: Sigvor Melve Schrey (leiar) og Ingebjørg Winjum. Venstre bak: Leif Harry Øydvinn, Atle Seim, sokneprest Anne Marthe Ulvik og Jan Ivar Rødland. Ikkje til stades: Christine Vatnøy.

Foto: privat

«Det er makt i de foldede hender»

Det er makt i de foldede hender
I seg selv er de svake og små
Men mot allmaktens Gud du dem vender
Han har lovet at svar skal du få

Tekst: Sigvor Melve/
Bengt Arvidsson

Sundag 11. februar inviterte Granvin sokneråd til salmekveld i Granvin kyrkje og det vart ein flott kveld for dei framømte. På programmet stod forkynnar og diktar Trygve Alvgeir Bjerkrheim (1904-2001). Prest Bengt Arvidsson fortalde om livet til Bjerkrheim. Han var født i Bjerkrheim i Rogaland, men då han var 9 år flytta familien med ein syskenflokk på 9, til Oslo. Her utdanna Bjerkrheim seg etterkvart til cand.theol. ved Menighetsfakultetet. Ved sida av å vera lærar var han redaktør for bladet Utsyn, utgjeve av



Prest Bengt Arvidsson leia kvelden med føredrag og fløytespel. Organist Edyta Bryk ved orgelet. Foto: Sigvor Melve

Norsk Luthersk Misjonssamband. Her var han redaktør i nærare 40 år. Arvidsson fortalde også historiane bak fleire av salmane og songane til Bjerkrheim og saman med organist Edyta Bryk

gav dei saman eit vakkert tonefylgje til eit utval av desse denne kvelden. Dei to salmane Bjerkrheim er mest kjend for er nok «Det er makt i de foldede hender» og «Han tek ikkje glansen av livet».

Bjerkrheim skreiv enkelt og eit gjennomgåande tema var at kristentrua gjev mennesket tryggleik, glede og evig fred! Det var ein flott salmekveld for dei framømte.

«Lars og Gudrun Kjønnegaards stiftelse» si årlege utdeling

Tekst og foto:
Kjell Herheim

Sundag 24. februar hadde «Lars og Gudrun Kjønnegaards stiftelse» si årlege utdeling frå stiftinga si avkasting.

Utdelinga var i år samla på heile 130.000 kroner og vart fordelt på desse med litt ulike summar: Songlaget Strendingen, Lars Erik Haga, sokneråda på Vinje og Oppheim, Vossestrand Omsorgstun og Vossestrand Pensjonistlag. I samband med utdelinga er det vanleg med ein konsert, og i år var det Voss Storband publikum



Representantar for dei som tok i mot pengegåver: F.v. Lars Erik Haga, Tove Nordli Ødegård, John Ove Thaulle (styreleiar), Tanya Gilbakken, Rigmor Ulvund, Bente Lauritsen og Hege Lundarheim.

fekk møta i ei fullsett kyrkje. Dirigent var Are Ovesen og vokalist hadde dei og. Det var Solhild Røen Gundersen. At det no er høgt under taket i dei norske kyrkjene, i

dobbel forstand, er jammen godt. Her var det stor innsats og fengjande musikk, inspirert både av jazz, rock og gospel. Med ein energisk dirigent, ein god vokalist

og mange framifrå solistar kom applausane ofte frå strendingar og vossingar og alle fekk ei flott oppleving.

Palmesundag

- ei annleis gudsteneste i Evanger og Bolstad sokn

Tekst: Ellen Århus

Med spesiell invitasjon til born i alle aldrar, var me ein samansett flokk som fylgde prest Frode Kvamsøe på ei påskevandring i og utanfor Evanger kyrkje palmesundag.



Kyrkjelyden viftar med sjølv laga palmeblad.

Foto: Ellen Århus

Me starta gudstenesta ute på kyrkjebakken, der presten fortalde om då Jesus kom til Jerusalem for å feira påskehøgtida ridande på eit esel. Og om folkemengda som helsa Jesus med jubel medan dei kasta palmeblad og kappane sine på bakken. Me vifta også med «palmeblad» og ropte Hosianna, medan vår lokale Jesus kom ridande på eit kjeppesel (sjå bilete).

Så fylgde me presten inn att der me fekk høyra om skjærtorsdag, skjær som i rein, nyvaska. Og slik som læresveinane fekk vaska føtene sine av Jesus sjølv, fekk me og «vaska» føtene våre.

Dei aller yngste sette seg så i ein ring for å delta i måltidet med Jesus (sjå bilete).

Så var me innoom langfredag, og fekk høyre sterke ord om Jesu liding og død for oss.

Endeleg kunne me besøka grava der Jesus låg. Men som me alle visste, steinen var rulla vekk og grava var tom. Og no kunne me alle stemma i med jubel i røysta: «Deg være ære, Herre over dødens makt, evig skal døden være, Kristus underlagt!»



Dette er Jesu lekam.

Foto: Ellen Århus



Foto: Knut Skiple

Påskeandakt på Brekkestølen langfredag

Langfredag var det tradisjonen tru, andakt på Brekkestølen i Raundalen.

Dagen starta med godt ver, noko biletet syner. Det var nokre skyer og litt kald vind då me drog innover, men sola kom fram og vermdde før andakten byrja. Bålpanne, ved, kaffikjeler, mat og drikke vart køyrt inn med skuter.

John Ove Thaule kom frå Vossestrand og heldt andakten. Det var veldig hyggeleg at han kunne koma.

Etter salmar, tale og velsigninga var det «kyrkjekaffi». Kaffi kokt på bålet, saft, kringle og kjeks vart bore rundt. Soknerådet fekk god hjelp til dette.

Det var om lag 55 personar som møtte fram. Alle såg ut til å hyggja seg i godt lag i det fine veret, før nokre drog vidare på ski, mens dei andre drog nedover på heimveg.

Takk til alle som hjelpte til.

**Helsing
Raundalen sokneråd**

Påska i Vangskyrkja

I år hadde me ei spesiell påskefeiring i Vangskyrkja. Det var gudstenester alle dagane frå skjærtorsdag til og med 2. påskedag, alle med ulikt preg. Seremoniane på skjærtorsdag, langfredag og påskennatt utgjorde ei liturgisk og visuell eining. Tilbakemeldingane var svært gode, med ynskje om gjentakning til neste år. Ein av dei mest spesielle augneblinkane i påska var å gå inn i prosesjon i ei heilt mørklagd kyrkje, kvar person med eit levande ljøs i handa,



Foto: Ingvild Baartvedt

for så å syngja påskelovsungen, Exsultet, a kapella med berre levande ljøs. Det er dette du kan sjå på biletet.



«Sendinga av Den Heilage Ande»

Andakt av Arild Hellesøy

Ikonet som me ser her, er laga på 1500-talet i Novgorod i Russland. Ordet «ikon» kjem av gresk «eikon» og betyr «bilete». Ikonkunsten går tilbake til den fyrste kristne tida, men hadde eit stort oppsving på 15- og 1600-talet i dei ortodokse kyrkjene i Aust-Europa.

Medan kyrkjene i Vest-Europa vektla ordet og

verdien av å lytta, la kyrkjene i Aust-Europa like mykje vekt på bilete og å skoda.

Ikonet er annleis enn maleri me kjenner som Tide-
mann og Gude eller Rembrandt. Dei er måla med
ein særskild hensikt og følgjer særskilde reglar som
er nedarva tradisjonar både i form og farge. Det er
sagt om ikonet at det vil visa veg gjennom ei synleg

dør inn i eit usynleg univers. Dei er måla for å bringa oss inn i bønna sitt indre rom og føra oss nær til Guds hjarte. Ikonmålaren sitt mål er framfor alt å forkynna Guds rike. Ikonet vil gje eit glimt av himmelen og om kven Jesus Kristus er for oss.

Pinseikonet «Sendinga av Den Heilage Ande» vil seia noko om kva pinsa betyr for oss. Det handlar ikkje berre om dei ytre hendingane. Ikonet vil tala til vårt indre menneske.

Det er nokre figurar som går att i ikonkunsten, men eg trur likevel kvar og ein har fridom til å lesa ut av ikonet det den einskilde kjenner som ein bodskap til seg sjølv.

HUS

Når hus er teken med i ikonet vil målaren fortelja om noko som har skjedd på ein stad og på eit eige tidspunkt. Det har skjedd mellom menneske som lever her på jorda.

Me les om pinseunderet i **Apostelgjerningane kap. 2:**

1 Då pinsedagen kom, var alle samla på ein stad. 2 Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. 3 Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. 4 Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna. 5 I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen. 6 Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrde at det vart tala på hans eige morsmål. 7 Reint frå seg av undring spurde dei: «Men er dei ikkje galilearar, alle desse som talar? 8 Korleis går det så til at vi alle høyrer dei tala på vårt eige morsmål? 9 Vi er partarar og medarar og elamittar, folk som bur i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i Pontos og Asia, 10 Frygia og Pamfylia, i Egypt og i områda ved Kyréne i Libya, vi er innflyttarar frå Roma, 11 jødar og proselyttar, kretarar og arabarar – og vi høyrer dei tala om Guds storverk på våre eigne tungemål!» 12 Dei visste ikkje kva dei skulle tru, og rådvill spurde dei kvarandre: «Kva kan dette vera?» 13 Men nokre gjorde narr av dei og sa: «Dei har drukke seg fulle på søt vin.

Me ser i pinseikonet øvst oppe, elden som ei kule og tungene likesom eld som set seg på hovudet til apostlane. I forteljinga høyrer me om ei stor folkemengd som samla seg og om mykje undring. I ikonet er det ro. Det er vorte tolka som at apostlane tross uroa rundt dei, kjende på ei indre ro. Det er freden som fylgjer Guds nærvær.

HENDER

Apostlane er teikna med løfta hender. Løfta hender er oftast eit bilete på bøn. Kan henda det også kan bety at apostlane tek imot ei gåve. For oss er Den Heilage ande ei gåve frå dåpen. Men me må også be om at

Den heilage ande må fylla oss på ny og på ny, styrka oss i liv og teneste og leda oss dag for dag.

FELLESSKAP

Me ser at apostlane sit på to rader mot kvarandre. Dei er bundne til kvarandre i ein einskap. Samstundes er dei ulike. Dette kan vera eit bilete på mangfald. Kyrkje er dei heilage sitt samfunn, mangfaldig og samstundes ein einskap.

«KOSMOS»

Det er ein figur i midten på ikonet med ei kongekrone som står i eit mørkt rom. Han vert kalla for «Kosmos». Det er verda som ligg i mørket. Bodskapen om Lyset i verda som er sendt frå Gud, Jesus Kristus, skal ikkje apostlane ha for seg sjølve. Ordet «apostel» betyr ei utsending. Krafta frå Den heilage ande som dei har fått, skal fylgja dei, og dei skal rustast til oppgåva Jesus har gjeve dei – å væra Hans vitne i heile verda.

Kosmos held eit kvitt tørkle med 12 bokrullar. Det er Guds ord om at apostlane skal forkynna og som frå pinsedagen spreier seg i heile verda.

FØTER

Føtene til apostlane kjem klart fram. Me ser at dei to som sit nærast viser til og med føtene til oss. Kan hende dei vil visa kor fine føter dei har. Det står hos **profeten Jesaja 53,7 og Romarane 10,15:** *Kor vakre dei er der dei spring over fjella, føtene til den som ber bod, forkynner fred, kjem med god bodskap, forkynner frelse.*

FARGAR

Apostlane er måla med ulike fargar, men alle har noko grønt i seg. I kyrkja er grønt fargen for vekst og frukt. Det minner om Andens frukter som er omtala i **Galatarane 5,22:** *Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred.*

VELSIGNINGA

Apostelen som sit nedst til venstre held handa opp med to fingrar. Det er både eit teikn på Jesus Kristus og det er eit teikn for velsigninga.

OMVENDT PERSPEKTIV

Me ser at apostlane er måla i eit omvendt perspektiv. Dei næraste er minst. Dei som er lengst borte er størst. Slik vert den som ser på biletet invitert inn til å ta del i fellesskapet med apostlane og få del i den same gáva.

Ha ei god pinse!

Kjelder:

Behold the beauty of the Lord. Praying with Icons.

Forfatter: Henri J. M. Nouwen.

Norsk tidsskrift for misjon 311993

Ikoner og ikonmaling

Marit Lislerud



Moster gamle kyrkje. Tusenårsjubileet for Kristenretten på Moster blir markert både på Moster og i kyrkjene i bispedømet.
Foto: Moster amfi/Abstract media

Verdiåret 2024 i Bjørgvin

Aktuelle verdiar frå gamal tid

I 2024 feirar og markerer me to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-års-jubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274.

Tekst: Jens Z. Meyer / Sokneprest Hans-Christian Küspert

I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der me markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjera landet vårt til eit godt land å leva i.

På Voss vil verdiåret verta

markert under Vossakyrjemesse den 26. mai, fyrst ved ei høgtidsgudsteneste klokka 11.00 i Vangskyrkja. Etter kyrkjekaffi vert det føredrag i kyrkja klokka 13.00 ved Alf Tore Hommedal. Han skriv sjølv: **Magnus Lagabøte. Kongen som i 1270-**

åra både bømte lovene og redda Vangskyrkja.

Me er inne i det store lov-jubileumsåret 2024. I år kan me markera 1000 år med kristen tankegang i norsk lovverk, gjennom at Kristenretten skal vera vedteken ved

eit ting på Moster i 1020-åra, kanskje i 1024. Me kan også feira at det er gått 750 år sidan Noreg i åra 1274-1276 fekk vedteke ei sams lov for heile landet – ei Landslov.

Begge lovendingane fekk store konsekvensar også for



Guds fire døtre, slik dei er framstilt av Anne Hesvik.

Foto: Bo Mathys

samfunnet på Voss. Kong Magnus Håkonsson gjennomførte i styringstida si (1263 – 1280) eit omfattande lovrevisjonsarbeid og fekk seinare tilnamnet Lagabøte – lovbotaren eller lovreparatøren. Men det er også kong Magnus å takka at Vangskyrkja ikkje fall saman under bygginga i 1260- og 1270-åra.

Kristenretten 1024

Under mottoet «Feira fortid - forma framtid» vert det markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Nasjonalt jubileum med særleg fokus på born og unge. Hovudmarkering for alle på Moster 29. mai - 2. juni 2024.

Magnus Lagabøte si landslov 1274

I 1274 samla Magnus VI «Lagabøte» for fyrste gong heile landet under ei lov. Biskopen inviterer sjølv til seks temakvelder i Bergen Domkirke dette året.

Guds fire døtre

Omgrepet «Guds fire døtre» eller «Dei gudommelege

systrene» er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklår, skulle verta høyrd for at ein dom kan seiast å vera opplyst så den er rettviss: Miskunn, rettfærd, sanning og fred. Biletet av dei fire systrene er henta frå Salme 85 i Bibelen.

TV-serie om hendinga som forandra Noreg

«Hendelsen som forandret Norge» er tittelen på ein ny, underhaldande og opplyssande mini-serie med Farmen-presten, Thor Haavik, som programleiar. I tre episodar fylgjer me han frå vikingtida til vår tid for å sjå på konsekvensane av at landet fekk ei ny rettsordning – «Kristenretten» på Moster for 1000 år sidan. Det er laga undervisningsmaterieil for ulike aldersgrupper knytt til denne serien.

Verdiseglas med verdisamtalar

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i fleire etappar langs Kystpilegrimsleia frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek

i verdisamtalar inspirert av «Guds fire døtre» og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane skal føra til råd for framtida som vil verta lagt i Kystpilegrims-kista som verdibrev til Nasjonaljubileet Norge 1000 år og preses i Den norske

kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 fylgjer seglasen frå start til slutt.

Les meir om verdiåret 2024 på bispedømet si nettside <http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>

Vossakyrkjemessa
Høgtidsgudsteneste
i Vangskyrkja 26. mai kl. 11.00

Etter kyrkjekaffi vert det føredrag i kyrkja kl. 13.00 v/ Alf Tore Hommedal

(Les meir i artikkelen om Verdiåret 2024 på side 8 og 9)

Arbeid som ber frukt

Kjelde: NMS sin Etiopia-blogg / Klaus-Christian Küspert

I 2004 vart det bestemt at «mao-folket» skulle stå i fokus for NMS sitt arbeid i Vest-Etiopia.

Det var likevel nødvendig med mange års forskning for å forstå kven desse «mao-folka» er, kva plass dei har i det kompliserte multietniske samfunnet i Vest-Etiopia og kva språk dei ulike gruppene snakkar. Sidan 2017 har NMS støtta prosjektet «Mao Sustainable Identity», som mellom anna arbeider med å laga ei ordbok for hozo-språket med ein spesielt utvikla ortografi som dannar grunnlaget for det vidare arbeidet med bibelforteljingar,



Dette teamet har arbeidd med hozo-ordboka i snart 4 år. F.v. Seid Imam, Olana Lencha og Klaus-Christian Küspert.

songar og omsetjingar.

Normalt skjer ordbokarbeidet gjennom daglege videomøter med kollegaene i Asosa. I byrjinga av februar fikk NMS sin seniorkonsulent, Klaus-Christian Küspert, høve til å besøka dei personleg. Desse

dagane var svært fruktbare. Dei kunne diskutera mange spørsmål i samband med ein gjennomgang av nokon av dei nesten 2500 oppslagsorda med tilhøyrande eksempel-setningar. No håper dei at ordboka kan publiserast innan utgangen av 2024. SIL, vår

lokale partner og prosjekteiger, bad Küspert om å halda fram arbeidet som frivillig konsulent for mao-språka når han snart går av med pensjon.

Turen til Asosa var ei stor glede for Küspert sidan han med eigne augo fekk sjå kvaliteten, framdrifta og engasjementet i arbeidet med språkprosjektet, og fekk møta gode, motiverte og hjartevarme kollegaer.

Vil du vera med å støtta misjonsprosjektet?
Vipps-nr: 505877
(Misjonsprosjekt)
Kontonr.: 3480 30 84647.
Merk betalinga med «Misjonsprosjektet»

Påskevandring på Urdland

For tredje året på rad inviterte misjonsnemnda til påskevandring på Urdland onsdag etter påske.

Tekst: Jorunn Våle Tonckens

For tredje året på rad inviterte misjonsnemnda til påskevandring på Urdland onsdag etter påske. I hagen på garden sin har Berit Hauge Våle og Nils Våle laga til ulike stasjonar som synleggjer påskebodskapen. Medan me vandra rundt i hagen, fekk me høyra bibelforteljingar samstundes som me hadde noko konkret å kvila augo på.

Vandringa starta med Jesus som rid inn i Jerusalem. Her fekk me delta ved

å leggja «palmegreiner» på vegen. Ved vaskefatet høyrde me om Jesus som vaska føtene til læresveinane. Innstiftinga av nattverden fekk me med oss rundt det lange hagebordet, før me vandra vidare til bålpanna og Peter som fornektar Jesus. Ved trekorset vart bibelforteljinga om Jesu død lesen, og den tomme grava var siste stopp. Der fekk me ta del i gleda ved Jesu oppstode før me avslutta med å syngja «Deg være ære».



Den tomme grava.

Foto: S. D. Mala

Ettervandringa i ein frisk vårtemperatur med litt snø i lufta, var det godt å koma inn i ei varm stove til fellesskap rundt kaffiborda og høve til

å syngja fleire påskesalmar. Misjonsnemnda håpar me får koma tilbake til neste år, og at påskevandringa no er vorten ein tradisjon.

TUR TIL HELGATUN

Misjonsnemnda planlegg tur til Helgatun onsdag 29. mai på ettermiddag-/kveldstid. Her legg me opp til fottur (valfri), fellesmåltid og ei samling i kapellet. Nærare informasjon om program og påmelding kjem i «Hordaland».



Gravplassforvaltinga i Voss

I denne utgåva av Kyrkjennytt tek me for oss dei vanlegaste spørsmåla vedrørande dødsfall, gravferd, gravminne og festeansvar.

Tekst: Kyrkja i Voss v/ kyrkjeverje Svein Tøsse

Voss kyrkjelege fellesråd har ansvar for gravplassforvaltinga i Voss herad, på vegner av alle innbyggjarane. Gravplassforvaltinga har eigen økonomi, og er skilt ut frå verksemda til den norske kyrkja. Dei fleste gravferder vert gjennomførte i kyrkjer og kapell, og det er naturleg med eit tett samarbeid mellom kyrkjeadministrasjonen og gravplassforvaltinga. Båe har kontor i Kyrkjetunet i Uttrågata 5.

Når ein av våre næraste dør, dukkar det gjerne opp man-

ge spørsmål. Gravferdsbyråa og gravferdsetaten vil kunne hjelpe med oversiktleg og ryddig informasjon.

Gravferdsbyråa har opne vakttelefonar heile døgnet. Dei informerer om kva som skjer vidare, med til dømes henting av avdøde og praktiske gjeremål rundt dødsfallet. Gravferdsforvaltinga kan kontaktast i kontortida. Me samarbeider for å leggje til rette for ei verdig gravferd.

Mange vil kjenna på at det

er mykje å setje seg inn i, og mykje som må ordnast på kort tid. Før ein går vidare, må det veljast ein person av dei pårørande som står som ansvarleg for gravferda. Denne personen vert familien sin kontaktperson med byråa, gravplassforvaltinga og det offentlege, og skriv under på papira. Gravferdsbyråa har dei beste kunnskapane kring gjennomføring av gravferder og dei praktiske oppgåvene som må ordnast fram til seremonien. Gravplassforvaltinga er det offentlege organet som syter for til-

rettelegginga før, under og etter gravlegginga på gravplassen. Dersom seremonien skal skje i kyrkja, varslar gravplassforvaltinga prest, organist og kyrkjetenar.

Ta gjerne kontakt med gravplassforvaltinga så snart som råd. Då kan ein få fastsett tid og stad for gravferd eller bisetjing, uansett trus- og livssyn. Ein får også svar på andre praktiske spørsmål som gjeld gravplass, graver, kremasjon, urnenedsetjing, stell av graver og lovar og regelverk.



SPØRSMÅL OG SVAR:

Kvar vender eg meg når eg skal planlegge ei gravferd?

Dei fleste nyttar eit gravferdsbyrå for å få hjelp til planlegging og gjennomføring av ei gravferd. Gravferdsbyråa kjenner til alt som må gjerast av papirarbeid og anna som kjem etter eit dødsfall. Du kan og ta kontakt med gravplassforvaltninga direkte, for å fastsette tid for gravlegging, finne grav eller få svar på spørsmål om graver og gravplass.

Gravplassforvaltninga deler kontor med prestar og organistar, så desse vert varsla raskt når tid og stad er bestemt.

Om du tek kontakt med gravferdsbyrået fyrst, kan dei ta dialogen med gravplassforvaltninga om å fastsette tid for gravlegging og finne grav, så du ikkje treng å forhalda deg til så mange.

Korleis er gongen i ei gravferd eller bisetjing vanlegvis?

Det er ulike seremoniar alt etter kva tru eller livssyn ein har. Hervil ein få hjelp hjå den organisasjonen eller samfunnet som ein høyrer til. Innafor Den norske kyrkja består seremonien vanlegvis av ein minnetale, andakt og salmar. I tillegg er det høve til andre musikalske innslag som solosong, korsong og innslag med andre musikarar. Det er også høve for pårørande til å halde minnetale etter avtale med den som leiar seremonien. Presten orienterer om gangen i seremonien, når ein har samtale på førehand.



Etter ein gravferdsseremoni vert kista følgt til gravplassen og senka i jorda. Før senkinga er det vanleg å syngje ein salme/song og at prest/leiar av gravferda seier nokre ord.

Dersom ein har vald kremasjon, vert kista ført bort frå seremonistaden og frakta til eit krematorium. Etter kremasjonen vert urna sendt til Voss, eller til gravplassforvaltninga i den kommunen urna skal setjast ned. Dei pårørande vert så kontakta for å avtale tid for urnenedsetjing. Urna kan setjast ned av gravplassforvaltninga åleine, eller med pårørande til stades.

Kva om ein høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja?

Gravplassforvaltninga administrerer gravplassane. Difor er det viktig å ta tidleg kontakt for å avtale tidspunkt for gravferda, uansett korleis

ein vel å gjennomføre ein eventuell gravferdsseremoni. Dette av di me skal opne og klargjere grava på førehand, ute på gravplassen.

Må ein ha ei gravferd eller gravferdsseremoni?

Nei, ein må ikkje ha ein gravferdsseremoni. Dersom ein vel å ikkje ha noko seremoni må gravlegging eller kremasjon etter lova skje seinast 10 vrykedagar etter dødsfallet.

Pårørande kan vere til stades ved senking av kiste eller nedsetjing av urne. Nedsetjinga kan også gjerast av gravplassforvaltninga utan andre til stades. Gravplassforvaltninga administrerer gravplassane. Difor er det viktig å ta tidleg kontakt for å avtale tidspunkt for gravferda, uansett korleis ein vel å gjennomføre ein eventuell gravferdsseremoni. Dette av di me skal opne og klargjere grava på

gravplassen på førehand.

Må ein nytte eit gravferdsbyrå?

Du kan gjere mykje sjølv, men slik samfunnet er bygd opp no, så er det mykje å setje seg inn i når ein person går bort. Dei fleste nyttar eit gravferdsbyrå for å få hjelp til planlegging og gjennomføring av ei gravferd. Byråa kjenner til alt som må gjerast av papirarbeid og anna som kjem etter eit dødsfall. Dei har lang erfaring med tilrettelegging og gjev god og nyttig informasjon. Dei kan også bidra med kiste, transport, blomar og kransar, og det som elles trengs.

Kor lang tid kan det gå frå ein person døyr til gravferda finn stad?

Reglane seier at ei gravferd skal finne stad seinast ti vrykedagar etter dødsfallet, dersom ikkje spesielle høve tilseier noko anna. Oftast vert ein gravferd gjennomført om lag ei veke etter dødsfallet. Dette vert tilpassa så langt det er mogleg, etter kva som høver for dei pårørande.

Kva er skilnaden på ei gravferd og ei bisetjing?

Etter ein gravferdsseremoni vert kista følgt til gravplassen og senka i jorda. Dersom ein har vald kremasjon (då er seremonien ei bisetjing), vert kista ført bort frå seremonistaden og frakta til eit krematorium. Etter kremasjonen vert urna sendt til Voss, eller til gravplassforvaltninga i den kommunen urna skal setjast ned. Dei pårørande vert så kontakta for å avtale tid for urnenedsetjing. Det er ikkje trong for noko seremoni. Urna kan setjast

ned av gravplassforvaltninga åleine, eller med pårørande til stades.

Kva kostar det å gravlegge nokon?

For innbyggjarane i Voss er ein kyrkjeleg seremoni og gravlegging gratis. Det er dei ulike tenestene elles, som kostar. Dersom den avdøde hadde folkeregistrert bustadadresse utanom Voss herad, er det ein kostnad med arbeidet på gravplassen. Det vert også teke leige for kyrkje/kapell som inkluderer lønsutgifter, oppvarming og reinhald. Det vert også teke inn festeavgift for 20 år for utanbygdes gravlagt.

Utgifter for gravferdsbyrå sine tenester kan variere, det same gjeld andre trus- og livssynssamfunn. Her må ein ta kontakt, eller gå inn på nettsidene for opplysingar.

Finns det ein eigen urnelund i Voss herad?

Ja, Voss har ein eigen «namna minnelund» for urner på Tunshovden. Den vart teken i bruk i 2021. Her vert urner sett ned og eit namneskilt ført opp på minnesmerket. Det er også vanleg urnefelt på Voss gravplass, der ein kan setje opp gravstein som på ei vanleg grav. Det er sett av mindre plass på urnegravene enn ved kistegraver, så gravminna må også vere mindre.

Det kan også verte aktuelt med namna minnelund på nokre av dei andre gravplassane, på sikt. Me har starta arbeidet med å gjere om ein del av Granvin gravplass til urnegraver. Dette av



di det er for bratt tilkomst til gravene med kiste slik det er i dag.

Er det lov å spreie oska etter kremasjon i naturen?

Ynskjer ein oskespreiing, må ein søkje til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Ved oskespreiing er det ikkje høve til å få namn og datoar oppført på eit gravminne på ein gravplass. Oskespreiing vert det same som anonym gravstad.

Kva med hjelp til å kome gjennom sorga?

Gravferdsbyråa og gravplassforvaltninga er ofte dei første ein møter ved dødsfall, og dei kan også hjelpe til med å kome i kontakt med personar, lag eller organisasjonar som kan hjelpe ein gjennom sorga. Kyrkja har også ei eiga teneste for dette. Diakonitenesta kan ein finne ved å kontakte Kyrkjekontoret. Den er gratis. Terskelen for å søkje hjelp ligg oftast hjå ein sjølv.

Kva er ein festar og eit feste?

Ein festar er den som står ansvarleg for ei grav. Ei grav kan berre ha ein (1) festar. Til vanleg er dette ein av dei pårørande til den gravlagde, eller nokon som har hatt ansvar for gravferda. Eit feste er ein avtale mellom gravplassforvaltninga og den ansvarlege for grava. Den som er festar for ei grav, har både rettar og plikter. Om du har spørsmål om dette, så ta gjerne kontakt med gravplassforvaltninga i Utrågata 5.

ANDRE VANLEGE SPØRSMÅL

Om våren vert det sendt ut tilbod om forlenging av festeavtale, for dei gravene som har forfall. Du vel sjølv om du vil forlengje avtalen. Festeavgifta vert betalt for fem år om gongen. Det året grava passerer 60 år, vil ein ikkje lengre få automatisk tilbod om forlenging, men brev om sletting. Då må ein ta kontakt med gravplassforvaltninga og

be om ny festeavtale, om ein ynskjer det.

Me sender ut ei rekning for kvar einskild grav, sjølv om dei kan ha ein felles gravstein. Har du fleire graver som forfell i løpet av året, kan du få tilsendt fleire rekingar. Me lagar ikkje samle-faktura.

Du finn svar på det meste på vår nettside
www.gravpllassivoss.no

Gravplass-administrasjonen i Voss herad

har kontor i Utrågata 5
(Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



Er du mellom 0-12 år og er glad i å teikna?

Då ynskjer me oss ei teikning hjå deg og kanskje kjem teikninga di på ei framside til Kyrkjenytt?

Du kan teikne kva du vil, men det må vere noko som kan passa frampå bladet vårt! Kanskje ei fin blomeeng, dyr du likar, noko du likar å halda på med eller kanskje noko frå bibelhistoria?

Teikninga bør være A4, og bak på arket ynskjer me oss namnet ditt, alder og adresse. Du kan gjerne skriva førenamnet ditt på framsida av arket. (Det er greitt om du sender inn meir enn ei teikning.)

Teikningane kan verta vist fram i Kyrkjenytt, på nettsida vår, i sosiale media og hengt opp på Kyrkjekontoret 😊

Det er kjekt viss du har høve til å koma innom oss med teikninga di.


Men du kan gjerne få hjelp av ein vaksen til å senda den i posten til: Kyrkjenytt, Voss kyrkjelege fellelsråd, PB 49, 5701 Voss.

Eventuelt kan teikninga sendast på e-post til voss@kyrkja.no (då må det vera høg oppløysing på biletet!).

Av alle teikningar som kjem inn vert det trekt ut fem heldige som får ei kjekk vār-gåve i posten.



Frist for innsending er onsdag 22. mai.



BOLSTADØYRI SUNDAGSSKULE

Sundag 21. april 2024 kl. 11 – 13

VELKOMEN!

Opplegget er tenkt slik:

Bibelforteljing

Song

Aktivitet

Vafler, saft og kaffi

Frammøte er i Bolstadøyri bedehus

Fint om du melder frå til meg om du kjem:

Anny, tlf 481 365 20

FYRSTE BLOMEN

Fyrste blomen
han er komen
– sjå i bakken der!
Millom grøne stråi
høv han seg på tåi,
stend og stierer
rundt og tirer,
upp mot soli lær.



Dikt av Anders Hovden (1860-1943)



Vinnarane av påskekonkurransen vart:

Sina Solberg Mørkve, 12 år

Wilma Naasen, 9 år

Brage Kløve, 7 år

GRATULERER!

Tusen takk til alle som deltok i konkurransen!



Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:
– Ser du bra med dei nye brillene, Per?
– Ja, pappa!

To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:
– Kom, så stikk vi!

Vitsar


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil




Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?

Kryssord

- | | | |
|----|-----------------|------------------------------------|
| 1. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Bygning i Apostelgjerningane 15,16 |
| 2. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Konge i Matteus 2,3 |
| 3. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Dyr i Matteus 21,2 |
| 4. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | By i Apostelgjerningane 18,1 |
| 5. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Konge i Romarane 4,6 |
| 6. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | By i Lukas 7,11 |
| 7. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Stilna i Matteus 14,32 |
| 8. | ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ | Kvinne i Johannes 20,11 |

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.



Teikning: Faye Simms

KONFIRMAN* 2025

Om ikkje lenge får alle ungdomane fødde i 2010 og som er medlemmer i Den norske kyrkja, invitasjon i posten til å melda seg som konfirmand. Invitasjonen vil de òg finne på nettsida vår.

Tysdag 21. mai har me informasjonsmøte om neste års konfirmandtopplegg for ungdomar fødde i 2010, frå **Voss, Evanger, Bolstad og Raundalen sokn**.

Kl. 15.00: Ungdomar i A-, B- og C-klassane på Voss ungdomsskule får ein smakebit på konfirmandtopplegget.

Kl. 16.00: Ungdomar i D-, E-, F- og G-klassane på Voss ungdomsskule får ein smakebit på konfirmandtopplegget.

Kl. 17.00-18.00: Informasjonsmøte for både ungdomar og føresette. Ungdomar i aktuell alder som ikkje er medlem i Den norske kyrkja eller døypte er òg velkomne til å vera med. Dei får ikkje invitasjon i posten sidan me ikkje har kontaktinfo til dei. Men all informasjon vert å finna på nettsida vår om ikkje alt for lenge.

Påmelding til konfirmasjon skjer på skjemaet som ligg på nettsida vår, www.voss.kyrkja.no. Me har hovudfrist for påmelding fram til 10. juni (Voss, Evanger, Bolstad og Raundalen). Påmeldinga opnar kl. 18.00 tysdag 21. mai, sidan me ynskjer å informera om dei ulike gruppene våre fyrst. Det går ann å melda seg etter 10. juni òg, men me håper å få dei fleste påmeldingane tidleg slik at me veit kor mange konfirmandar me får vera i lag med, i god tid før skulestart i haust.

I Granvin sokn vert det informasjonsmøte i Granvin kyrkje onsdag **5. juni kl. 18.00**.

I Oppheim sokn og Vinje sokn vert det informasjonsmøte i Oppheim kyrkje **onsdag 19. juni kl. 17.00**.

I Granvin sokn Oppheim sokn, Vinje sokn og Oppheim sokn er fristen for påmelding når sommarferien startar, men helst **så snart som mogeleg** slik at me får ein oversikt så tidleg som råd.



Kjekt å samlast rundt bordet til eit godt måltid.

Foto: Stig Tolås

Konfirmanthelg

Tekst: Anja Kristin Slåtten

I mars var konfirmentene på Vossestrand på konfirmanthelg til Hermon. Dette er ein tradisjon dei har hatt i fleire år. Her er det skianlegg, basseng og koselege hytter. Me fekk flotte dagar

med god mat, song, andakt, bøn, konkurransar, leikar og undervisning. Tusen takk for kjekt samvær, og takk til foreldre som var med og bidrog til at det vart ei trygg og god helg!



Dagane var fylte med kjekke og morosame samvær.

Foto: Cecilie Hartveit Adolfsen

Fasteaksjonen 2024

Sponsorløp, nytt av året

Tysdag 19. mars var rundt 100 konfirmantar og mange foreldre og frivillige samla til årets fasteaksjon.

Fyrst fekk konfirmantane høyra litt om faste, om diakoni og kva Kirkens Nødhjelp gjer rundt om i verda. Deretter var det klart for sponsorløp, det fyrste i sitt slag i Voss sokn. Både konfirmantar og born hadde på førehand samla sponsorar blant verner, familie eller naboar som gav eit ein fast sum eller ein fast sum per runde. Deltakarane sprang inn over 53 000 kr til Kirkens Nødhjelp! Det er nok til å gje 176 menneske

reint drikkevatt livet ut. I tillegg kjem summen gjeve på Vipps direkte til KN.

Etter løpet stod eit delikat kakebord klart å venta på dei som sprang. Det var sosialt samvære og premieutdelingar før me avslutta med salmesong og bøn.

*Flott gjeng klar til start!
Foto: Vetle Leksbø*



Evanger og Bolstad sokn



*Frå venstre: Johanne Vevle Hjørnevik, Anders Gullbrå Brekkhus og Nathalie Holm Gustavsen.
Foto: Anny Forthun*

Fornøgde konfirmantar etter bøsseinnsamlinga.

Etterpå vart det servert mat, kaker og kaffi til dei ivrige ungdomane og andre frivillige.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

TAKK!

Tusen takk til alle som var med å gje ei gåve til Fasteaksjonen 2024 og til konfirmantar, foreldre, frivillige, sokneråd, stab og alle andre rundt om i sokna som deltok på ulikt vis.

 **VOSS SPAREBANK**
BYGDA SIN BANK

post@vossabanken.no 56520300


myrkdalen.no

 **Vekselbanken**
- ein god medspelar -
Telefon 56 52 35 00
- med tilbod til liten og stor

Voss Bokhandel

Vangsgata 27, 5700 Voss
Tlf. 56 51 11 16

Me ordnar alt vedrørende dødsfall
Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar
VIRKE GRAVFERD
Vinsands
GRAVFERDSBYRÅ
Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no

 **KULTUR EVENT**

Lyd-, lysutleige
Musikalste tenester, direksjon
Arrangementsplanlegging

post@kulturevent.no

O.L.KYTHE AS
entreprenør

Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo
Tlf. 56 52 38 60


Voss Energi
-rein vosskraft!

Pianostemmer Voss
På tide å stemme pianoet?

pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36


VINJO

KIWI mini pris
Kiwi Vangen
Tlf. 56 51 27 35

GRAVSTEIN
Nye gravmonument,
tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:
STEIN & MERKE
Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099

Nordhordland Begravelsesbyrå AS
VIRKE GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Di annonse her?

Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no

 **VESTLAND**
TRAFIKKOPPLERING

Førarkort eller oppfrisking
9100 3101
post@vestlandtrafikk.no
UTTRÅGATA 36, 3. etg.

Din røyrlleggjar i sentrum
Snakk med
Comfort
Helge Nikolaisen A/S
Installasjon - Service - Vedlikehald
Velkomen i butikken!
 **Tlf. 56 51 26 28**
Vangsgt. 4, 5700 Voss 

Voss bygg og landskap

Tlf. 474 42 514


Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding
www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995



VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS

Skyvedørskarmar
Loftstrapper
Inspeksjonsluker

Anleggsgartner og trepleiar
GUNNAR LILLETHUN
Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no 



HMV Maskin
EIK Senteret Voss



Stolte tradisjonar, ny næring

Regimentsvegen 14
5705 Voss
+47 56 52 91 30
hmvooss.no
Verkstad og delelager



Frå Supertysdag med rytmeverkstad. Foto: Vette Leksbø

Me treng tid saman!

På Supertysdag vil me tilby familiar i alle fasongar eit godt måltid etter jobb. Her har me bibelforteljing for born i alle aldrar og me arbeider for å styrkja foreldre/føresette i foreldrerolla.

Supertysdag er eit samarbeid mellom Voss sokn og Voss KFUK/KFUM og er eit bindeledd mellom Vonheim open barnehage, T-dagar, familiegudstenester, kor, konfirmantarbeid og andre kyrkjelydar på Voss.

Her kan du treffa andre familiar, og alle er hjarteleg velkomne!



VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20
7. - 10. klasse: 20 - 22

3/5 og 31/5

MOBILFRITT ARRANGEMENT

Her er samlingsstund med kvelds, song og andakt og ulike aktivitetar/spel som biljard, playstation, filmkveld, bingo, mat, strikkehjørne og trygge vaksne du kan prata med om det er noko.

Fredagsklubben er gratis!

Kontakt: Anja Slåtten 41704958/ Gro Samland 47907900

Har du leiker som du ynskjer å gje til andre?



Tusen hjarteleg takk for all hjelp til familiare som er kome hit til Voss på flukt frå Ukraina. Me har fått inn så mykje fine kle og sko med meir.

Det dei treng no er leiker, spesielt til born under skulealder. Me kan nemna: duplo, lego, dokker, dokkeutstyr, utstyr til formingsaktivitetar, små traktorar med hengjar, leikedyr og gjerne noko fint å pynta med på veggene.

Om de har noko liggjande som de har lyst å gje, ta gjerne direkte kontakt med Camilla på mottaket, telefon: 40 17 66 14. Eller kom gjerne innom Kyrkjjetunet. Tusen takk!

VIKTIGE TELEFONNUMMER NÅR DU TRENG DEI

KIRKENS SOS

Telefon: 22 40 00 40

Treng du nokon å snakka med? Same korleis du har det, er me alltid her for å lytta til deg og støtta deg. Alle som tek kontakt med oss er anonyme og me har teieplikt.
soschat.no – kirkens-sos.no
Me er her. Alltid.

Alarmtelefonen for born og unge

Telefon 116 111

Alarmtelefonen er eit naudnummer for born og unge, som er gratis å ringja. Ta kontakt om du opplever vald i heimen, er utsett for overgrep, er redd for tvangsgifte eller opplever andre akutte og vanskelege situasjonar. Tilbodet gjeld óg for vaksne som er bekymra for born og unge, eller har mistanke om at dei vert utsett for vald og overgrep.

Hjelpetelefonen Mental Helse

Telefon 116 123

Gratis og døgnopen telefonteneste for alle som treng nokon å snakka med.

Du kan vera anonym og me har teieplikt. Telefonen er ope alle dagar, året rundt, også på raude dagar.

Rustelefonen

Telefon 08588

Open mån – sun. kl. 11.00 – 19.00 og ons. kl. 10.00 – 19.00.

Erfarne rettleiarar svarer på spørsmål relatert til alkohol og narkotika.

Krisesenteret for Voss herad er

Krisesenter for Bergen og omegn

Telefon 55 31 50 50

Døgnope. Hjelp til personar utsett for vald, truslar om vald og som har behov for rådgjeving eller eit trygt mellombels butilbod.

LEVE: Landsforeningen

for etterlatte etter sjølv mord

Telefon: 22 36 17 00

Kvardagar kl. 9.00 – 15.00 eller epost: post@leve.no



HAR DU LYST TIL Å VERA MED I EI BIBELGRUPPE?

Me har ulike bibelgrupper i soknet, nokon for unge og nokon for godt vaksne. Me møtes 1 – 2 gonger i månaden og snakkar om livet, drikk ein kopp te og les i Bibelen saman.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon, du er hjarteleg velkomen!

Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar:

as257@kyrkja.no tlf. 41 70 49 58

Hans-Christian Küspert, sokneprest:

hk782@kyrkja.no tlf. 95 45 05 72

TILBOD OM SAMTALE

Treng du nokon å snakka med? Me er her for deg, ingenting er for lite eller for stort. Og me kjem gjerne heim til deg.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 56 52 38 80

så vidareformidlar dei til diakon eller prest.

Open kyrkje:


VANGSKYRKJA

**Måndag 6., 13. og 27. mai,
og 3. og 10. juni**

Her er det rom for ljostenning,
kvile, stillheit, ettertanke og bøn.

Tidebøn frå kl. 18.00-18.15

Velkomen!





Våren 2024

Seniortreff

Velkomen til seniortreff
i Vonheim **tysdagar kl. 12.00-14.30.**

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema,
andakt og allsong, eit godt måltid og ein kopp kaffi med
noko godt å bita i. **Pris kr 150,-**

Har du bruk for skyss, har me kjekke skysskarar.
Ring tlf 47 84 91 34, gjerne kvelden før.

Vårprogram 2024

7. mai: «Per Sivles diktning». Einar Midtun.

11. juni: «Heilag Olav si ferd til Voss for 1000 år sidan.»
Med Karianne Slettemark.



Merke funne på garden til K.
Slettemark i 2023.

Foto: Karianne Slettemark

Glimt frå tidlegare treff



Gode og trufaste hjelparar. Frå venstre: Inger Johanne
Gullbrå, Bernt Daltveit og Ingrid Hagebø.

Foto: S. D. Mala



Kjekt å møtast til Seniortreff.

Foto: S. D. Mala



TAKK

Denne gongen ynskjer me
å gje ei særskild
takk til Kyrkjekaffinemnda
som er med å ordna
kaker og kaffi om sundager
etter gudstenesta.



Ein glad Badna-jazz gjeng.

Foto: Åshild Bøe Kharazmi

Badnajazz

I palmehelga var born frå MiniMidising og Vossestrand barne og ungdoms-
kor saman med andre born frå Voss, med på bestillingsverket til Badna-
jazz, «Hala og pappa». Forteljinga og musikken var skriven av Rasmus
Rohde og Marthe Valle. Tingingsverket var ein suksess og kjempekjekt for
ungane å vera med på, seier Ellen M. S. Geithung og Åshild Bøe Kharazmi.



DE HISTORISKE

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP
T: 56 52 05 00

Aut. Fredrik, Signe og Maria Fleischer

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig, velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannedt gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER

FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864

f t i

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve, Knut Skiple og Ingrid Kløve-Graue. Svein Tøsse er redaktør.

Grafisk produksjon: Vaksdalposten
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidedeilete: Bente Kristiansen

Kyrjekontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 09-15
(onsdag 10-15)
Telefontider: Måndag-fredag 10-14
Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd,
PB 49, 5701 Voss
Telefon: 56 52 38 80
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på www.voss.kyrkja.no

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert
Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no
Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik
Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no
Sokneprest i Granvin og Ulvik Anne Marthe Ulvik
Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Voss: Bjørg Helland
Tlf 938 56 326.
Oppheim: Christine Kalsås
Tlf 911 33 556.
Vinje: Rigmor Ulvund
Tlf 990 33 293.
Raundalen: Nanna Nordahl
Tlf 917 58 826.
Granvin: Sigvor Melve Schrey
Tlf 911 32 608.

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik
Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no
Øyvind Lennart Pedersen
Diakon Sigrid Djukastein Mala
Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten
Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no
Ungdomsprest Vetle Leksbø
Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
Tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
Tlf 952 62 084.
Organist Ellen Marie Selland Geithung
Tlf 980 64 594.
Organist Edyta Bryk
Tlf 954 30 695.
Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt
Tlf 934 46 884.
Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik
Tlf 414 75 383.
Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt
Tlf 468 98 970.
John Rikard Mandelid
Tlf 932 63 939.
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond Olav Neteland
Tlf 957 02 327.
Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid
Tlf 901 36 496.
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
Tlf 918 74 201.
Redaktør i Kyrkjentytt Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontomedarbeidarar Idunn Holen og Lene Brunborg.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!
Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Neste nummer kjem i veke 26.
Frist for melding om stoff er onsdag 5. juni.

 Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Vangskyrkja:

18.02 Brage Berg Skeie
18.02 Andreas Flatekval Schulz
18.02 Iver Bjørkevoll Gjestemoen
18.02 Jakob Rørlien Våge
18.02 Anders Kvalfoss Istad
18.02 Ida Ravndal Dyrkolbotn
25.02 Ole Wergeland Flage
01.03 Maria Linnea Lid Tangerås

10.03 Odin Evans Røthe
10.03 Astrid Hommedal Een
17.03 Torstein Hjetland Bjørke
17.03 Melody Møen
17.03 Cornelia Vinje Radulovic
17.03 Ingrid Vatne Fosse
17.03 Sindre Vinje Garen
17.03 Theodor Thufte

31.03 Mari Gjøstein
01.04 Joar Norekvål Rasmussen
01.04 William Hjelmevold
01.04 Eirik Kwama Gjøstein
07.04 Tale Tordal Helgaset
07.04 Lucas Horten Øyaflaten
07.04 Vilja Ukvitne Jensen

Evanger kyrkje:

18.02 Anna-Marta Nordås

Oppheim kyrkje:

26.11 Anna Kvarme Ure

Granvin kyrkje:

26.11 Mathias Guidos Kvamme
04.02 Emilie Næss
03.03 Thale Kjerland Hagelund

Vinje kyrkje:

01.10 Aurora Lund Draugsvoll

VIGDE

Voss sokn:

06.04.2024 Henriette Rørlien Olaissen og Christian Elmlinger

Granvin sokn:

06.04.2024 Solveig Blaaflat og Tord Ivar Marøy

DØDE

Voss sokn:

08.02 Tore Tanem 1969
24.02 Bjørg Himle 1938
26.02 Hildur Skotoff 1933
08.03 Bjørghild Marie Gåsdal 1931
08.03 Einar Jåstad 1940
10.03 Lars Brekkhus 1954
19.03 Martha Norekval 1927
19.03 Kjell Guttorm Ohnstad 1952
21.03 Borgny Skutle 1928
25.03 Anne-Marie Tveit 1927
25.03 Magnhild Norheim 1928
28.03 Aslaug Theresie Stafsnes 1940
05.04 Bjørg Karin Ringheim 1957

Granvin sokn:

15.02 Kjell Arne Kvarme 1956
19.02 Ingeborg Irene Djønne 1930
06.04 Ivar Nesheim 1927

Oppheim sokn:

12.03 Marta Alvhilda Sundsvoll 1930
23.03 Signe Ingerid Thorsen 1930
23.03 Idar Grindheim 1929

Evanger og Bolstad sokn:

24.02 Arvid Akerlie 1955

Vinje sokn:

12.03 Astrid Lirhus 1932
19.03 Bjørg Kvarme 1942

Gudstenesteliste

Oppheim kyrkje:

- 09.05 kl. 19.30 Ung Messe v/ Sandvik.
 17.05 kl. 12.00 17.mai-gudsteneste v/ Sandvik.
 19.05 kl. 11.00 Pinsedagsgudsteneste v/ Sandvik.
 09.06 kl. 11.00 Familiegudsteneste v/ Sandvik.
 T9-pilgrimstur.
 16.06 kl. 11.00 Jordalen kapell. Gudsteneste
 v/ Sandvik.

Vinje kyrkje:

- 05.05 kl. 11.00 Gudsteneste v/ Sandvik.
 17.05 kl. 09.45 17. mai-gudsteneste v/ Sandvik.
 25.05 kl. 11.00 Konfirmasjon v/ Sandvik.

Granvin kyrkje:

- 26.04 kl. 18.00 Samtalegudsteneste med
 konfirmantene v/ Ulvik.
 05.05 kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/ Ulvik.
 17.05 kl. 11.00 Festgudsteneste v/ Skutlaberg.
 02.06 kl. 11.00 Gudsteneste v/ Ulvik. Nattverd.
 28.06 kl. 18.00 Midtsomarmesse v/ Ulvik.

Raundalskyrkja:

- 11.05 kl. 11.00 Konfirmasjon v/ Sandvik.
 17.05 kl. 13.00 17. mai-gudsteneste v/ Skutlaberg.
 23.06 kl. 15.00 Skiplestevne v/ Sandvik.

Bolstadøyri bedehus:

- 28.04 kl. 11.00 Gudsteneste v/ Kvamsøe.
 17.05 kl. 10.30 Festgudsteneste v/ Kvamsøe.
 16.06 kl. 15.00 Gudsteneste v/ Kvamsøe. Bedehusbasar.

Evanger kyrkje:

- 09.05 kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/ Skjeldal
 og Kvamsøe.
 17.05 kl. 12.30 Festgudsteneste v/ Kvamsøe.

Vangskyrkja:

- 04.05 kl. 10.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 04.05 kl. 12.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 05.05 kl. 10.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 05.05 kl. 12.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 09.05 kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med dåp
 v/ Küspert - Kristi himmelfart.
 12.05 kl. 10.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 12.05 kl. 12.00 Konfirmasjon v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
 17.05 kl. 11.00 17. maigudsteneste v/ Leksbø.
 19.05 kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd
 v/ Veland – Pinsedag.
 20.05 kl. 16.00 **Bak Kyrkjetunet.** Familiegudsteneste i
 friluft v/ Leksbø. Besøk av Viggo Klausen.
 I Vangskyrkja ved dårleg vær.
 26.05 kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd
 v/ Küspert - Vossakyrkjemesse -
 Vi markerer kyrkja sin fødselsdag.
 Etter gudstenesta kl. 13.00 vert det
 foredrag ved Alf Tore Hommedal om
 kristenretten i Moster og Magnus Lagabøtes
 landslov.
 02.06 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/ Küspert.
 04.06 kl. 11.00 Eldregudsteneste med nattverd v/ Küspert.
 09.06 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/ Leksbø.
 16.06 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/ Küspert.
 23.06 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/ Küspert.

*Ver merksam på at det kan koma endringar
 på gudstenestelista!*

Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no



Foto: Kyrkja i Voss